


- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinert grenser
- Terrengmålte grense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/leilighet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehus
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
Koordinatsystem: UTM(EUREF89) - SONE 32 (EPSG:32632)
Høydesystem: (EPSG:)

# Lindås kommune

Byggesaks avdeling

Dato: 2018.04.19
Sign: lito

## Situasjonskart - gbnr 137_252

N

Målestokk
1:500

Hei.

Vi viser til dykkar førespurnad i Byggesaksvakten den 10.04.2018. Vi har no i veke 16 drøfta dykkar sak i plenum og kan kome med følgjande tilbakemelding:

Det er ønskeleg å bygge altan underbygget med støtter foran bustaden i flukt med ark på bustad. Altanen skal vere ca. 4m brei og ca. 2,5m lengde som gir tilsaman ca. 12m$^2$. Det skal tas bort eit vindauge i arken som skal erstattas med altandør. Altanen vert plassert over 4 meter frå nabogrenser og kommer ikkje i konflikt med regulert byggegrense

**Planstatus**
Eigedomen ligg i regulert område innafor reguleringsplan for Alver Utmark. Del av G.nr. 137, sjå utsnitt av plankart.




Sjølve einebustaden er noko vridd i høve plankartet si bygningsplassering. Altanen vil komme ca. 60cm utanfor vist bygningsplassering i plankartet på det smalaste punktet.
Avviket frå plassering av altanen i høve plankartet er lite. Vi har difor lagt til grunn at altanen kan tolkast å vere i samsvar med plan og ikkje krevje dispensasjon.

I utgangspunktet er fasadeendring søknadspliktig, men vi har lagt til grunn at endringa er så liten at det ikkje vert eit søknadspliktig tiltak jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-5 bokstav f). (Vi forutsetter at altanen ikkje vert eit vert innglassert som eit lukka tilbygg (vinterhage) som er søknadspliktig.)

Altanen er under 15m$^2$ utan varig opphald og er over 4 meter frå nabogrense. Altanen er ikkje plassert i strid med regulert byggegrense. Vi har difor lagt til grunn at altanen er eit ikkje søknadspliktig tiltak, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 4-1 bokstav b).

Til orientering, så legg vi ved informasjon om oppføring av altan frå våre heimesider:
https://www.lindas.kommune.no/terrasse-platting-veranda-balkong.429591.nn.html

Tiltaka skal meldast inn til kommunen slik at vi får oppdatert våre kart
https://dibk.no/globalassets/blanketter_utfyllbare/alle-blanketter/5188-melding-om-bygning-eller-

tilbygg-som-er-unntatt-soknadsplikt.pdf. Vi har lagt ved eit situasjonskart, sjå vedlegg.

Med helsing

Tone Furustøl

LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00(pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00. De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: byggesak@lindas.kommune.no. Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til postmottak@lindas.kommune.no